



POLITIET

OMTALE AV RESULTAT 2019

Vest politidistrikt



Innhald

1. Innleiing	4
2. Kriminalitetsutviklinga	5
2.1 Hovudtal kriminalitetsutviklinga	5
2.2 Økonomisk kriminalitet	7
2.3 Vinningskriminalitet	7
2.4 Valds-kriminalitet	7
Hatkriminalitet	9
2.5 Seksuallovbrot	10
2.6 Narkotikakriminalitet	11
3. Politiet si straffesakshandsaming	12
3.1 Talet på påtaleavgjerder	12
3.2 Oppklaringsprosent	12
3.3 Sakshandsamingstid	12
3.4 Restansar	13
4. Operativ innsats	14
4.1 Responstid	14
4.2 Aksestid	14
4.3 Operasjonssentralen/Lokal redningsentral (LRS)	14
4.4 Væpna oppdrag	14
4.5 Redningsoppdrag	14
4.6 Politibåten	15
5. Forvaltning	16
5.1 Pass og førarkort	16
5.2 Utlendingsforvaltning	16
6. Sivil rettspleie	17
7. Trafikk	17

Figurliste

Figur 1:	Utviklinga for melde lovbrøt 2015–2018.....	5
Figur 2:	Restansar etter alder 2016–2018	13

Tabelliste

Tabell 1:	Tal på melde lovbrøt 2015–2019	6
Tabell 2:	Type kriminalitet og kor stor del av melde lovbrøt dei utgjer, 2019	6
Tabell 3:	Tal på melde økonomilovbrøt 2015–2019.....	7
Tabell 4:	Tal på melde vinningslovbrøt 2015–2019	7
Tabell 5:	Tal på melde valdslovbrøt 2015–2019	7
Tabell 6:	Tal på melde kroppskrenkingar og kroppsskader 2015–2019	8
Tabell 7:	Tal på melde truslar og grove truslar 2015–2019	8
Tabell 8:	Tal på melde menneskehandelsaker 2015–2019	8
Tabell 9:	Tal på melde saker truslar, forulemping, hindring og vald mot off. tenestemenn 2015–2019	8
Tabell 10:	Tal på melde saker mishandling i nære relasjonar 2015–2019.....	9
Tabell 11:	Tal på melde saker, hatkriminalitet 2015–2019	9
Tabell 12:	Tal på melde seksuallovbrøt 2015–2019	10
Tabell 13:	Tal på melde valdtektssaker 2015–2019	10
Tabell 14:	Tal på saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn 2015–2019	10
Tabell 15:	Tal på melde narkotikalovbrøt 2015–2019	11
Tabell 16:	Påtaleavgjorde lovbrøt 2015–2019.....	12
Tabell 17:	Oppklaringsprosent, lovbrøt 2015–2019	12
Tabell 18:	Sakshandsamingstid, oppklara lovbrøt 2015–2019	13
Tabell 19:	Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader), 2015–2019	13
Tabell 20:	Responstid 2019 - sentrale krav og resultat i minutt	14
Tabell 21:	Tal på utskrivne pass, 2016–2019	16
Tabell 22:	Tal på bekymringsmeldingar førarkort, 2016–2019	16
Tabell 23:	Tal på uttransportar, 2013–2019	16
Tabell 24:	Tal på omkomne i trafikken 2014–2019, Vest politidistrikt.....	17

1. Innleiing

Rapporten presenterer resultatane for Vest politidistrikt i 2019. Første del av rapporten gir ei oversikt over kriminalitetsutviklinga. Andre del av rapporten gir ei oversikt over resultat og utvikling i straffesakshandsaminga til politiet. I siste del av rapporten vil ulike resultat knytt til politiet si operative innsats bli omtala, samt resultat innan forvaltning, sivil rettspleie og trafikk.

Talmaterialet på kriminalitetsutviklinga og straffesakshandsaminga er basert på politiet sitt straffesakssystem STRASAK. Statistikken må reknast som ein intern driftsstatistikk for politiet og bør ikkje lesast som den offisielle kriminalstatistikken, som blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (SSB). Rapporten presenterer den kjende kriminaliteten, det vil seie den kriminaliteten som blir meld til politiet.

1. oktober 2015 blei ny straffelov av 2005 innført i Noreg. Dette har konsekvensar for kriminalitetsstatistikken, i sær moglegheita til å samanlikne tala med tidligare år. Dei sentrale endringane er:

1. Skillet mellom brotsverk og misferder er borte. No blir alle melde saker omtalt som lovbrøt.
2. Dersom ei sak blir registrert hos politiet etter 1. oktober 2015, medan gjerningsdatoen for lovbrøtet er før denne dato, så er saken registrert på ei statistikkgruppe som svarer til den gamle straffeloven av 1902. Er både registreringsdato og gjerningsdato etter 1. oktober 2015, er saken registrert på ei statistikkgruppe som svarer til den nye straffeloven. Dette gjer at vi må inkludere både nye og gamle statistikkgrupper for å sjå på utviklinga i 2016–2019 under eitt.
3. Ettersom nye statistikkgrupper har blitt etablert medan andre statistikkgrupper er fjerna eller endra, bryt i prinsippet innføringa av ny straffelov moglegheita til å samanlikna utviklinga i 2016–2019 med tidlegare år. Rapporten vil difor ikkje vere like detaljert som tidlegare. Vi vil markere for lesaren kor ein bør vere merksam på endringar. I enkelte tilfelle er det likevel mogleg å slå saman ulike statistikkgrupper for å kunne samanlikna tala for 2019 med tidlegare år. I dei tilfella blir det brukt ikkje-justerte tal. Det blir gjort for å få best mogleg samanlikningsgrunnlag. Saker som er registrerte i STRASAK, kan bli justerte av ulike årsaker: Feilkodingar av saker, ny informasjon kjem til i sakene, og etterforsknings- og påtalemessige vurderingar fører til at saker endrar kode. Saka kan dermed endrast til eit anna juridisk forhold enn det som først blei registrert.


Bergen, 13. februar 2020

Avsnitt for strategisk analyse
Seksjon for etterretning
FEE

2. Kriminalitetsutviklinga

2.1 Hovudtal kriminalitetsutviklinga

Som ein ser av grafen nedanfor har talet på melde lovbrøt i Vest politidistrikt fortsatt ein svak nedgang, men noko mindre enn for dei tidlegare åra i perioden 2015–2019. I 2019 blei det meldt 30 576 lovbrøt, ein nedgang på om lag 1,2 % samanlikna med 2018. Talet på melde lovbrøt i 2019 er det lågaste nivået i femårsperioden.



Figur 1: Utviklinga for melde lovbrøt 2015–2019

Kjelde: JUS066

Lovbrøt etter kriminalitetstypar

I tabellen på neste side kan ein sjå nærmare på utviklinga innan den enkelte kriminalitetstype. Det er viktig å understreke at fleire statistikkgrupper har "bytta" kriminalitetstype etter innføringa av ny straffelov. Dette gjeld til dømes bedragerier, som tidlegare høyrde til vinning, medan dei frå 1. oktober 2015 høyrer til økonomi. Ettersom dette er ei gruppe med relativt mange melde saker, så gjer dette utslag i talet på saker for begge dei nemnde kriminalitetstypene. Den tilsynelatande kraftige auka i talet på økonomisaker kan langt på veg forklarast med at bedragerisakene no tel her, medan det fortsatt har vore ein nedgang i talet på vinningssaker sjølv om ein trekker frå bedragerisakene. Fleire detaljer om slike konsekvensar blir kommentert under det enkelte avsnitt om dei mest sentrale kriminalitetstypene.

	2015	2016	2017	2018	2019	Diff % 2018– 2019	Diff % 2015– 2019
Økonomi	994	2 297	2 260	2 237	2 376	6,2 %	58 %
Vinning	12 567	10 934	10 102	9 382	9 800	4,5 %	-28 %
Vald	2 776	3 193	3 101	2 958	3 104	4,9 %	11 %
Seksuallovbrot	627	821	1 040	881	748	-15,1 %	16 %
Narkotika	3 640	3 214	3 483	3 286	2 583	-21,4 %	-41 %
Skadeverk	1 301	1 401	1 411	1 541	1 608	4,3 %	19 %
Miljø	215	245	251	222	273	23,0 %	21 %
Arbeidsmiljø	150	124	109	98	101	3,1 %	-49 %
Trafikk	6 037	5 771	5 738	5 474	5 286	-3,4 %	-14 %
Anna	4 327	3 872	3 542	3 633	3 548	-2,3 %	-22 %
Undersøkingssakar	1 367	1 482	1 401	1 235	1 149	-7,0 %	-19 %
Total	34 001	33 354	32 438	30 947	30 576	-1,2%	-11,2%

Tabell 1: Tal på melde lovbrott 2015–2019
Kjelde: JUS066

Dersom ein berre ser på tala for 2019 og kor mykje kvar enkelt kriminalitetstype utgjer av den totale mengda av melde lovbrott i Vest politidistrikt, får ein oversikt i tabell 2 nedanfor. Vinning utgjer den klart største delen, og sett over tid er reduksjonen i melde vinningssaker fortsatt ei av hovudårsakene til at den registrerte kriminaliteten går ned generelt.

	2019
Økonomi	7,77 %
Vinning	32,05 %
Vald	10,15 %
Seksuallovbrot	2,45 %
Narkotika	8,45 %
Skadeverk	5,26 %
Miljø	0,89 %
Arbeidsmiljø	0,33 %
Trafikk	17,29 %
Anna	11,60 %
Undersøkingssakar	3,76 %

Tabell 2: Type kriminalitet og kor stor del av melde lovbrott dei utgjer, 2019
Kjelde: JUS066

2.2 Økonomisk kriminalitet

Det har ikkje vore nokon stor reell endring i den registrerte økonomiske kriminaliteten frå 2018 til 2019. Det har vore ei svak auke i talet på saker frå 2 237 saker i 2018 til 2 376 saker i 2019. Dette er ei auke på 6,2 %. Endringane i den nye straffelova førte mellom anna til at talet på økonomilovbrot auka kraftig frå 2015-2016, fordi bedragerisaker no vert rekna som økonomilovbrot.

	2015	2016	2017	2018	2019
Økonomi	994	2 297	2 260	2 237	2 376

Tabell 3: Tal på melde økonomilovbrot 2015–2019
Kjelde: JUS066

2.3 Vinningskriminalitet

Det har for 2019 vore ein svak auke i vinningskriminaliteten. Totalt blei det i 2019 registrert 9 800 vinningslovbrot, mot 9 382 saker i 2018. Dette er ei auke på 4,5 %. Sidan 2015 har vinningskriminaliteten gått ned med omlag 28 %. Sjølv om endringa i statistikkgrupper i 2015 spelar inn, er det utan tvil ein nedgang i vinningskriminaliteten.

	2015	2016	2017	2018	2019
Vinning	12 567	10 934	10 102	9 382	9 800

Tabell 4: Tal på melde vinningslovbrot 2015-2019
Kjelde: JUS066

Tjuverier frå personar i det offentlege rom har vore omtalt i fleire år som eit av dei største problemområda innanfor vinningslovbrota, men med ein stor nedgang i 2018 sidan toppåret i 2013. For 2019 er det registrert 388 saker som gjeld tjuveri frå personar i det offentlege rom, mot 265 saker i 2018, noko som er ein auke på heile 46 %.

I 2019 blei det registrert 572 saker på tjuveri og grove tjuveri i politidistriktet, noko som er nøyaktig det same talet som for 2018.

Talet på ran og utpressingssaker er kraftig redusert dei siste åra. Ein ser at utpressing via internett er ein aktivitet som for 2018 også er like aktuell for 2019. Dei fleste rana skjer i Bergen sentrum.

2.4 Valds kriminalitet

Det har vore ei auke i talet på valdslovbrot i 2019 samanlikna med 2018. Tala for 2016–2019 er ikkje samanliknbare med tidlegare år mellom anna fordi det etter innføring av ny straffelov 1. oktober 2015 er lagt til lovbrota som tidlegare ikkje var kategorisert som valdslovbrot, til dømes nokre statistikkgrupper som gjeld "Vern av offentleg myndighet".

	2015	2016	2017	2018	2019
Vald	2 776	3 193	3 101	2 958	3 104

Tabell 5: Tal på melde valdslovbrot 2015-2019
Kjelde: JUS066

Liv, lekam og helse

Det har vore ein auke i talet på både kroppskrenkingar og den grovaste valden (kroppsskade) frå 2018 til 2019.

	2015	2016	2017	2018	2019
Kroppskrenking	1 157	1 291	1 252	1 172	1 251
Kroppsskade	253	226	197	182	213

Tabell 6: Tal på melde kroppskrenkingar og kroppsskader 2015-2019

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

Lovbrot mot personleg fridom

Talet på lovbrøt mot personleg fridom (truslar) har hatt ei svak auke frå 2018 til 2019. Det har vore ein svært positiv nedgang i saker som gjeld truslar med skytevåpen. I 2018 ble det meld 22 saker mot 11 i 2019.

	2015	2016	2017	2018	2019
Truslar	632	617	572	575	599
Grove truslar	92	88	98	92	105

Tabell 7: Tal på melde truslar og grove truslar 2015-2019

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

I 2019 er det som for 2018 registrert tre saker som gjeld menneskehandel til prostitusjon og tvangsarbeid.

	2015	2016	2017	2018	2019
Menneskehandel, prostitusjon	8	1	3	3	1
Menneskehandel, tvangsarbeid	1	0	2	0	2

Tabell 8: Tal på melde menneskehandelsaker 2015-2019

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

Lovbrot utført mot offentleg myndigheit

Talet på melde saker som gjeld truslar, forulemping, hindring viser ein auke frå 2018 til 2019. Etter eit høgt tal på melde saker i 2016, så var det ein nedgang i 2017 og 2018. Talet på melde saker som gjeld vald mot offentleg tenestemann viser også ein auke frå 2018 til 2019. Det er for 2018 registrert 138 saker mot 167 saker i 2019.

	2015	2016	2017	2018	2019
Vald mot off. tenestemann	126	131	133	138	167
Truslar, forulemping og hindring	193	396	353	321	359

Tabell 9: Tal på melde saker truslar, forulemping, hindring og vald mot off. tenestemann 2015-2019

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

Vald i nære relasjonar

I saker som gjeld vald i nære relasjonar, strl. §§ 282 og 283 (tidligere § 219), har det vore ein sterk nedgang i talet på saker frå 344 saker i 2018 til 284 saker i 2019. Det er ønskjeleg å avdekkja så mange som mogleg av sakene i denne kategorien. Vi trur at mange av desse sakene fortsatt ikkje blir meldt til politiet, og at tala truleg er høgare enn opplyst her.

	2015	2016	2017	2018	2019
Vald i nære relasjonar	324	306	314	344	284

Tabell 10: Tal på melde saker mishandling i nære relasjonar 2015-2019

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

Drap

Det er registrert 8 drap i Vest politidistrikt i 2019, noko som utgjør heile 30 % av alle drap i Noreg i 2019. I 2018 blei det registrert 2 drap i Vest politidistrikt. Alle dei sikta er menn, av dei sikta er det to som ikkje har norsk statsborgarskap. Av ofra er 4 menn og 4 kvinner. Eit av ofra har ikkje norsk statsborgarskap. Alle sakene er oppklara innan kort tid.

Hatkriminalitet¹

Definisjonen av hatkriminalitet legg til grunn motivet bak den straffbare handlinga. Lovbrota som blir koda som hatkriminalitet kan difor sortere under fleire kriminalitetstypar. Det vanlegaste er likevel vald og truslar. Talet på melde saker kan bli påverka av feilregistrering og underrapportering i politiets registre, dels fordi politiet sjølv ikkje er god nok på registrering, men også fordi ein stor del av kriminaliteten ikkje meldast til politiet. Det er difor ikkje mogleg å slå fast om den registrerte auka på heile 168,9 % sidan 2017 kan skuldast betre rutinar for registrering hjå politiet, at fleire vel å melde lovbrøt, at den faktiske kriminaliteten har auka eller ein kombinasjon av desse årsakene.

	2015	2016	2017	2018	2019
Hatkriminalitet ²	23	29	29	43	78

Tabell 11: Tal på melde saker, hatkriminalitet 2015-2019

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

¹ Hatkriminalitet er straffbare handlingar motivert av fordommar knytt til etnisitet, religion, seksuell orientering og funksjonshemming

² Statistikkgruppene 606,608, 3412, 658, 659, 660,661, 662, 663, 664 og 665 (tilsvarende strl §185 og 186) og sakskategori Rase/etnisk tilhøring, Religion, Seksuell legning, Nedsett funksjonsevne, Antisemittisme

2.5 Seksuallovbrot

Det har vore ein nedgang i talet på seksuallovbrot på 15,1 % i 2019 samanlikna med 2018. Talet på melde saker er det nest lågaste dei siste fem åra.

	2015	2016	2017	2018	2019
Seksuallovbrot	627	821	1 040	881	748

Tabell 12: Tal på melde seksuallovbrot 2015-2019

Kjelde: JUS066

Valdtekt

Det blei registrert 152 valdtektssaker³ i 2019 mot 171 saker i 2018, ein nedgang på 11,11 %. Talet inkluderer også forsøk på valdtekt. Talet er det lågaste for femårsperioden. Det er ikkje mogleg ut frå tala å seie om det er ein reell nedgang eller om færre har valt å ikkje melde lovbrota til politiet. Blant dei fornærma i dei registrerte sakene er det totalt 3 menn.

	2015	2016	2017	2018	2019
Valdtekt ⁴	159	175	201	171	152

Tabell 13: Tal på melde valdtektssaker 2015-2019

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr.

Seksuelle overgrep mot barn

Det er også ein nedgang i talet på saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn i 2019 samanlikna med året før. Dette gjeld barn i alle definerte aldersgrupper: under 16 år, under 14 år og under 10 år. For desse gruppene blei det registrert 274 saker i 2019 mot 332 i 2018, ein nedgang på 17,46 %. Samanliknar ein med talet for 2015 (163 saker) har det likevel vore ein auke på om lag 40,51 % i den siste femårsperioden.

	2015	2016	2017	2018	2019
Seksuelle overgrep mot barn	163	250	408	332	274

Tabell 14: Tal på saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn 2015-2019

Kjelde: PAL for STRASAK, regdato, gj.distr

Tilrettelagde avhøyr

Talet på gjennomførte tilrettelagde avhøyr av barn og personar med psykisk utviklingshemming i Vest politidistrikt har hatt ein sterk auke i 2019. I 2019 blei det totalt gjennomført 609 tilrettelagde avhøyr, mot 528 i 2018. Ein auke på heile 15,34 %.

³ Av vaksne

⁴ Også forsøk

2.6 Narkotikakriminalitet

Etter fleire år med eit høgt tal på narkotikalovbrot har vi dei siste åra sett ein betydeleg nedgang. I 2019 blei det registrert 2 583 narkotikasaker mot 3 286 saker i 2018, ein nedgang på heile 21,4 %. Talet på grove narkotikasaker⁵ går opp i 2019, samanlikna med dei siste fire åra, medan dei mindre grove narkotikasakene⁶ går ned og er på det lågaste nivået i siste femårsperiode. Talet på dopingsaker har lagt på omlag 150 saker i året i snitt i den siste fireårsperioden, med eit foreløpig toppår i 2017. Talet på dopingsaker viser for 2019 ein nedgang med omlag 110 registrerte saker.

	2015	2016	2017	2018	2019
Narkotika	3 640	3 214	3 483	3 286	2 583

Tabell 15: Tal på melde narkotikalovbrot 2015-2019

Kjelde: JUS066

Ein reduksjon eller auke i meld narkotikakriminalitet gir ingen haldepunkt for å seie at det er færre eller fleire som sel eller bruker narkotika i politidistriktet. Talet på narkotikasaker er avhengig av kontrollnivået til politiet og tollvesenet. Det inneber at det er kontrollnivået som i stor grad bestemmer talet på melde narkotikasaker, meir enn den faktiske narkotikasituasjonen.

Riksadvokaten har gitt klare føringar på at politiet skal nedprioritere å opprette straffesaker på brukerdoser. Dette har påverka narkotikastatistikken dei seinare åra.

⁵ NARKOTIKA (§ 162,2.LEDD), NARKOTIKA (§ 162,3.LEDD), Grov narkotikaovertrerdelse, Grov narkotikaovertrerdelse, betydelig mengde

⁶ NARKOTIKA (§ 162,1.LEDD), Narkotikaovertrerdelse, Narkotika, bruk (Legemiddeloven §24), Narkotika, besittelse (Legemiddeloven §24)

3. Politiet si straffesakshandsaming

I denne delen av rapporten blir resultatene av politiet si straffesakshandsaming kommentert. Utgangspunktet er dei delane av politiet si driftsstatistikk som viser talet på påtaleavgjerder, oppklaringsprosent, sakshandsamingstid og restansar.

3.1 Talet på påtaleavgjerder

Talet på påtaleavgjorde lovbrøt i 2019 er 30880, noko som er ein svak nedgang samanlikna med året før.

	2015	2016	2017	2018	2019
Påtaleavgjorde lovbrøt	34 342	33 798	32 225	33 532	30 880
Av desse oppklara saker	15 645	15 732	15 468	16 137	13 997

Tabell 16: Påtaleavgjorde lovbrøt 2015- 2019

Kjelde: JUS316

3.2 Oppklaringsprosent

Oppklaringsprosenten viser tilhøvet mellom talet på saker som er avgjorde med ein kode som tel som oppklara, og summen av oppklara og ikkje-oppklara saker. Tida for påtaleavgjerda blir lagd til grunn når ein skal berekne oppklaringsprosenten i STRASAK.

Det er fleire faktorar som spelar inn på oppklaringsprosenten. Kriminalitetsbiletet har blitt meir komplisert, og politiet bruker meir tid på fleire alvorlege saker. Dermed blir det mindre tid til å granske dei mindre alvorlege sakene. I tillegg har den generelle kriminaliteten blitt meir internasjonalsert og samansett dei siste åra. Grunna samanslåinga av tala for dei gamle politidistrikta er det vanskeleg å kommentere utviklinga i 2016–2019 samanlikna med tidlegare år. Som tabellen viser hadde Sogn og Fjordane ein høgare oppklaringsprosent enn Hordaland det siste året for samanslåinga. Samla sett er oppklaringsprosenten på 50,7 % i 2019, det er noko lågare enn landsgjennomsnittet. Som per andre tertial 2019 var 51,2 % på landsbasis.

	2015	2016	2017	2018	2019
Lovbrøt totalt					
Hordaland	46,7	51,5	53,2	53,8	50,7
Sogn og Fjordane	71,8				

Tabell 17: Oppklaringsprosent, lovbrøt 2015–2019

Kjelde: JUS316

3.3 Sakshandsamingstid

Sakshandsamingstida til politiet blir rekna frå melding blir registrert i STRASAK, til det ligg føre ei påtaleavgjerd. I det følgjande beskriv vi sakshandsamingstida på oppklara lovbrøt, det vil seie saker som har fått ei positiv påtaleavgjerd eller er lagde bort med ein kode som tel som oppklara. Tala viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid i dagar.

Gjennomsnittleg tok det 79 dagar å sakshandsame dei oppklara lovbrøta i 2019, noko som er 50 dagar mindre enn i 2018. Årsaka til nedgangen i sakshandsamingstida er todelt. For det første jobba politidistriktet ned talet på gamle straffesaker radikalt i 2018 og har no færre gamle saker til handsaming. For det andre har Felles straffesaksinntak (FSI) utvida ansvaret til å dekke heile distriktet. Mange saker handsamast difor vesentleg raskare enn før.

	2015	2016	2017	2018	2019
Lovbrot totalt					
Hordaland	121	130	125	129	79
Sogn og Fjordane	89				

Tabell 18: Sakshandsamingstid, oppklara lovbrøt 2015–2019

Kjelde: JUS316

3.4 Restansar

Saker som er eldre enn tre månader omtalast som restansar. For politiet er det viktig at det er ein balanse mellom innkomne (registrerte) og utgåande (ferdig handsama) saker. Om det kjem inn fleire saker enn det som blir gjort ferdig, blir det ei oppsamling av saker hos dei ulike sakshandsamarane. Det fører til at framdrifta i kvar enkelt sak blir meir oppstykk, granskinga og påtalehandsaminga blir mindre effektiv, og det totale straffesaksproduktet får dårlegare kvalitet.

Den generelle restansesituasjonen har isolert sett vore politidistriktet si største utfordring i straffesakshandsaminga dei siste åra. Eit restanseprosjekt blei starta opp i juni 2018, og med svært gode resultat har ein difor vidareført restanseprosjektet også gjennom 2019.


I 2019 er talet på restansar (saker eldre enn 3 mnd) som ikkje er påtaleavgjorde noko høgare enn for 2018. For 2018 var talet 3 183 og for 2019 er talet 3 804. Av dei 3 804 sakene var 822 saker eldre enn 12 månader ved årets slutt.

	2015	2016	2017	2018	2019
Ikkje påtaleavgjorde saker eldre enn 3 månader	5 236	5 373	5 289	3 183	3 804

Tabell 19: Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader), 2015-2019

Kjelde: JUS087abcd/JUS083abc

Under kan ein sjå fordelinga i alder på restansebeholdninga i perioden frå Hordaland og Sogn og Fjordane blei til Vest politidistrikt i 2016 og fram til og med 2019. Det er ei svak auke i saker som er eldre enn 12 månader, noko som kan ha ein samanheng med at vidareføringa av restanseprosjektet også gjennom 2019 ikkje var ei like stor satsing med omsyn til ressursbruk som for 2018.



Figur 2: Restansar etter alder 2016-2019

Kjelde: JUS087 og JUS083ABC

4. Operativ innsats

4.1 Responstid

Rask respons kan berge liv, redusere skadeomfang eller bidra til oppklaring av kriminalitet. Det er stilt sentrale krav til responstid for ekstraordinære hendinger, hendinger der liv er direkte truga og/eller der det er behov for rask innsats frå politiet. Responstida blir målt frå når det begynner å ringe ved politiet sin operasjonssentral til første politieining er på staden.

	Sentralt krav	Resultat
Responstid 80 % (>20 000 innbyggjarar)	12,0	12,1
Responstid 80 % (2 000 – 19 999 innbyggjarar)	17,0	17,7
Responstid 80 % (<2 000 innbyggjarar)	30,0	30,9

Tabell 20: Responstid 2019 - sentrale krav og resultat i minutt

4.2 Aksestid

Aksestida måler kor mange samtalar på 112 som er svart på innanfor fristen (20 sekund). Kravet til aksestid er at ein skal svara minst 95 % av alle 112-samtalar innan fristen på 20 sekund.

Operasjonssentralen har svart på 98,2 % av alle naudsamtalane innan tidskravet som POD har satt.

4.3 Operasjonssentralen/Lokal redningsentral (LRS)

Operasjonssentralen i Bergen har hatt ein sterk auke i tal på telefonar til 112 i 2019, ein auke på heile 29 % frå 2018. I 2018 var det 60 564 telefonar til 112, medan det i 2019 var heile 78 217 telefonar til 112. Ein har ikkje klart å identifisera nokon direkte årsak til auken av tal på telefonar til 112. Det er også registrert ein auke i tal på telefonar til 02800 til sentralbord og 02800 samtalar som går til OPS.

4.4 Væpna oppdrag

I Vest politidistrikt sin vaktjournal vart det registrert 845 væpna oppdrag i 2019. Dette er ein auke på 129 frå 2018. Dette inneber ikkje at alle var oppdrag kor politiet rykte ut til skarpe situasjonar. Tala inkluderer òg oppdrag kor politiet etter ei vurdering vel å væpna seg for eigen eller andre sin sikkerheit i samband med planlagde pågripingar, ransakingar og liknande. Om lag 11,2 % av det totale talet var planlagde oppdrag.

4.5 Redningsoppdrag

Politiets innsats i redningsoppdrag opptek store ressursar. Statistikken på landsbasis, samt erfaringa frå operasjonssentralen tilseier ein auke i talet på redningsoppdrag i vårt distrikt.

Hovudredningsentralen har registrert 364 redningsoppdrag i Vest politidistrikt i 2019, 24 færre oppdrag enn året før. Det er i det geografiske området til gamle Hordaland politidistrikt at det relativt sett skjer mest. Både Sør-Øst og Øst politidistrikt hadde fleire redningsoppdrag enn Vest politidistrikt i 2019. Samstundes ser politiet ein auke i hendinger der ekstremvær og varslar om slikt vær utfordrar vår tenking omkring beredskap. Det er meir fokus på beredskap knytt til ekstremvær, og vi ser også fleire alvorlige tilfelle av særskilt flom og ras som følgje av slikt vær.

Ikkje alle redningsoppdrag krev like mykje politiressursar. Ein del blir løyst på operasjonssentralen (LRS), anten ved å gje råd til meldar eller ved å vidareformidle meldingar til andre naudetater eller frivillige organisasjonar. Nokre oppdrag blir løyst av den/dei fyrste politipatruljen som kjem til staden, mens andre krev større innsats.

Fjellopdrag kan vere personar som har gått seg vill eller har skada seg og er i eit utilgjengeleg terreng. Tiltaka som er sett i verk i regi av Odda kommune ved Trolltunga har vist seg å være sær

vellukka, og talet på redningsaksjonar er no redusert til om lag 8 mot 15-20 i 2018. Redningsoppdraga kan være krevjande og krev personell med særskild kompetanse. Både fjellklatring, basehopping og andre risikofylte friluftaktiviteter og det faktum at mange fleire turistar som nyttar norsk natur overvurderer eiga evne og krefter gjer redningsarbeide meir krevjande.

4.6 Politibåten

Politibåten er innlemma i Vest politidistrikts beredskapsplan, for å kunne mellom anna flytte mannskap/ressursar der det er behov. Båten har transportert innsatsleiarar, hundeførarar og mannskap frå utrykkingseininga til fleire stader i distriktet.

643 båtar vart kontrollert i løpet av året. Dette er ein nedgang på 57 frå 2018. Det vart oppretta 39 meldingar, av dei 15 for køyring i ruspåverka tilstand mot 9 i 2018. Det vart utskreve 39 forenkla førelegg.

Politibåten har jobba aktivt saman med driftseiningane slik at fleire gjerningspersonar har blitt gripne i løpet av sesongen. Fleire lovbrott har blitt oppklara som følge av ein målretta innsats i dei mest aktuelle områda.

5. Forvaltning

5.1 Pass og førarkort

Det har vore ein auke i talet på utskrivne pass i politidistriktet i 2019 samanlikna med 2018. I 2018 blei det skriven ut 78 487 pass i Vest politidistrikt mot 81 522 i 2019.

	2016	2017	2018	2019
Utskrivne pass	78 876	82 844	78 487	81 522

Tabell 21: Tal på utskrivne pass, 2016–2019

Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

Vegtrafikklova § 34 gjev politiet rett til å tilbakekalle førarkort dersom det er rimeleg grunn til å tru at innehavar av førarkortet ikkje lenger fyller vilkåra for å inneha førarkort. Årsaka til at ein ikkje lenger fyller vilkåra kan vere relatert til helse, misbruk av alkohol eller andre rusande eller bedøvande middel, eller at innehavar ikkje lenger har dei nødvendige kunnskapar eller køyreferdigheiter som ein krev for å ferdast trygt i trafikken.

Forvaltningsavdelinga i politidistriktet tar gjennom heile året imot melding om personar ein meiner ikkje lenger oppfyller vilkåra for å inneha førarkort. Det har vore ein relativt stor nedgang i talet på slike meldingar i 2019 samanlikna med 2018. I 2018 tok politidistriktet imot 460 meldingar mot 360 i 2019.

	2016	2017	2018	2019
Bekymringsmeldingar førarkort	498	451	460	360

Tabell 22: Tal på bekymringsmeldingar førarkort, 2016-2019

Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

5.2 Utlendingsforvaltning

I den operative delen av utlendingsforvaltninga har Vest politidistrikt i 2019 stått for 224 uttransportar av personar utan lovleg opphald i Noreg, fordelt på 62 ulike nasjonalitetar, dette er det lågaste talet sidan 2013, for perioden 2013-2019.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Uttransport av personar utan lovleg opphald	223	314	275	305	293	256	224

Tabell 23: Tal på uttransportar, 2013–2019

Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

Av dei 224 personane som blei uttransportert i 2019 var 45 % straffedømde. 47 % av dei var utviste frå Noreg. Desse 5 nasjonalitetane topper lista på uttransporterte utan lovleg opphald: Romania (37), Russland (17), Polen (15), Litauen (13) og Kina (11).

6. Sivil rettspleie

Til saman kom det inn 65 068 saker innan sivil rettspleie i 2019, mot 68 783 i 2018.

Med andre ord ein nedgang i den totale saksmengda, men den er likevel klart over 2017 og tidlegare års nivå.

Kravsmål om utlegg, der personar eller verksemdar skuldar pengar er størst i volum.

2018 var talet på kravsmål om utlegg 48 708. Ein vekst på heie 53 % sidan 2015.

I 2019 erfarer distriktet ein liten nedgang til 45 569. Dette kan tyde på at den voldsame veksten vi har sett i mange år har kulminert.

Privatpersonar kan få gjeldsordning med kreditorane sine dersom gjelda er så stor at dei er varig ute av stand til å betala gjelda si. Talet på søknader har auka sterkt frå 503 i 2017, 526 i 2018 til 714 i 2019. Det kan tyda på at dei betalingsvanskane vi ser folk har hatt gjennom den kraftige veksten i kravsmål om utlegg i mange år, no gjev seg utslag i fleire søknader om gjeldsordning.

Andre saker som utkastning (fravikelse), tvangssal av lausøyre, tvangsdekning av bankinnskott og verdipapir, utlevering og tilbakelevering av ubetalte gjenstandar (mest bilar) har halde seg stabilt dei siste åra.

Talet på forliksklager til forliksråda har ein auke på over 10 % i 2019 etter å ha vore stabilt i fleire år.

7. Trafikk

I 2019 omkom 10 personar i trafikken i Vest politidistrikt, 5 i tidlegare Hordaland politidistrikt og 5 i Sogn og Fjordane. Dette er det same talet som for 2016 og det lågaste talet i perioden 2014-2019. 8 menn og 2 kvinner omkom, den yngste var 22 år medan den eldste var 74 år.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Omkomne i trafikken	13	13	10	13	16	10

Tabell 24: Tal på omkomne i trafikken 2014-2019, Vest politidistrikt

Kjelde: Strasak/ Trafikk-koordinator i Hordaland og Sogn og Fjordane

Det har vore ein nedgang i talet på saker som gjeld køyring i påverka tilstand det siste året. I 2019 blei det registrert 826 saker, mot 916 i 2018.